

Nydyrkingsprosjekt på Feet held fram.

07.09.2014



Nydyrkingsområdet, sett frå Myklebust, er markert på biletet.(Klikk på bildet for å gjøre det større)

Dei tre driftige brørne i Kjærland Samdrift, Kjell Arne, Trond Johannes og Geir Inge Myklebust, driv godt og framtidsretta. I vår dyrka dei opp nytt areal på Øvre Feet, og no er dei i gang med det vi kan kalla byggjesteg 2. Til saman vil dette verte ei flott, litt hallande flate som vert delt i to av ein eksisterande bekke.

Arealet har i utgangspunktet mykje stein, men første delen som vart dyrka i vår, er no ein flott grøn bakke og dei første avlingane er hausta inn derfrå. No er dei starta å arbeida opp arealet på andre sida av bekken. Bekken vil det ikkje verta gjort noko med. Den vil renna som no.

Bøndene gjer dyrkningsarbeidet sjølve med eigne maskinar. Steinen vert forflytta opp under berget. Der vert det veg og lagringsplass for m.a. siloballar og ved.



Denne bekken deler området i 2. På høgre sida er dyrkinga fullført. No står venstre sida for tur.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland